

Kommunal og moderniseringsdepartementet

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 14/911-7 Saksh: Gunnhild Sandvin Arkivkode Dato:
Journalpostid: 15/894 Telefon: 53 67 35 27 K2-K00 02.03.2015

Melding om uttale frå Eidfjord kommune - forenkling av utmarksforvaltninga

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

FSK-023/15 Vedtak:

Eidfjord kommune er som utgangspunkt positiv til å forenkla utmarksforvaltninga. Kommunen støtter USS si uttale til høyringa og vil spesielt peike på;

1. Forenkling av utmarksforvaltninga må ikkje redusera lokaldemokratiet.
2. Det må følgje tilstrekkelege økonomiske og administrative ressursar til kommunane for å overta oppgåver innan utmarksforvaltning.
3. Hovudtrekka i fjellova og fjellstyras oppgåver og mynde i statsallmenningane må liggje fast.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2-K00
Arkivsak ID: 14/911 - 2
Journalpost ID: 15/143
Saksh.: Gunnar Elnan
Dato: 11.02.2015

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	23.02.2015	023/15	ELNGUN

Offentleg

Uttale til rapport Forenkling av utmarksforvaltninga

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I 16.12.2014	Kommunal og moderniseringsdepartementet	Høringsbrev Forenkling av utmarksforvaltninga
5	I 10.02.2015	USS	USS' utkast til til høringsuttalelse til Forenkling av utmarksforvaltningen - ny uttale

Vedlagt:

Desse har uttalt seg i saka:

Ingen. Fjellstyret gir eigen uttale i lag med dei andre fjellstyra på Hardangervidda

Særutskrift skal sendast til:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Endeleg avgjerd i: kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune er som utgangspunkt positiv til å forenkla utmarksforvaltninga. Kommunen støtter USS si uttale til høyringa og vil spesielt peike på;

1. Forenkling av utmarksforvaltninga må ikkje redusera lokaldemokratiet.
2. Det må følgje tilstrekkelege økonomiske og administrative ressursar til kommunane for å overta oppgåver innan utmarksforvaltning.
3. Hovudtrekka i fjellova og fjellstyras oppgåver og mynde i statsallmenningane må liggje fast.



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

23.02.2015 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK-023/15 Vedtak:

Eidfjord kommune er som utgangspunkt positiv til å forenkla utmarksforvaltninga. Kommunen støtter USS si uttale til høyringa og vil spesielt peike på;

1. Forenkling av utmarksforvaltninga må ikkje redusera lokaldemokratiet.
2. Det må følgje tilstrekkelege økonomiske og administrative ressursar til kommunane for å overta oppgåver innan utmarksforvaltning.
3. Hovudtrekka i fjellova og fjellstyras oppgåver og mynde i statsallmenningane må liggje fast.

Saka gjeld:

Ei faggruppe (3 medlemmer) nedsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, (KMD) i samarbeid med Klima- og miljødepartementet (KLD) og Landbruks- og matdepartementet (LMD), har gitt sin rapport med forslag til tiltak for å forenkla utmarksforvaltninga. KMD sender no rapporten på høyring.

Utmarkskommunanes samanslutning (USS) har utarbeida ei grundig gjennomarbeidd uttale til høyringa. Som medlem i USS er det naturleg å leggja avgjerande vekt på denne uttala og støtte opp om denne. USS har kome med følgjande merknader (refererer dei punkt som er aktuelle for Eidfjord å ta stilling til);

1. *USS' kan ikke se at det er grunnlag for å oppstille en forutsetning om større kommuner for å overføre ansvar og myndighet til kommunene.*
2. *USS' prinsipielle syn er at kommunen skal være den primære areal- og planmyndighet uavhengig av tiltakets karakter.*
3. *Det er påfallende at så få kommuner har vært i møter med faggruppen når mandatet i så stor grad berører nettopp kommunene.*
4. *USS mener at faggruppens forslag til tiltak ikke er tydelige nok om hvilke tiltak som innebærer økte kostnader for kommunene og hvordan dette i tilfelle skal finansieres.*
5. *USS er positiv til at kommunene skal ha førstelinjeansvaret i utmarksforvaltningen under forutsetning av at det følger med midler til å administrere dette ansvaret. USS støtter derfor også at det bør organiseres et systematisk opplæringstilbud for kommunene.*
6. *USS støtter også et felles datasystem med et standardisert elektronisk søknadssystem, som det blant annet kan lenkes opp til fra kommunenes hjemmesider.*
7. *Når forvaltningsansvaret tilbys kommunene uten at det følger konkrete bevilgninger med, begrenser det kommunenes mulighet til å påta seg forvaltningsansvaret. USS mener at kommunene bør stå fritt til å bestille skjøtselsarbeid m.m. av andre aktører enn SNO.*
8. *Dersom grensene for utmarksstyrene skal være verneområdets geografiske utstrekning, vil det kunne innebære at forvaltningen av villreinen blir fragmentert fordi forvaltningen av villreinen skjer i henhold til det enkelte utmarksstyrets virkeområde og ikke villreinområdenes utstrekning. USS mener det er avgjørende å sikre at styrene er demokratisk forankret og at alle kommunestyrer innenfor verneområdet derfor må få utnevne en representant til verneområdestyret/*



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

utmarksstyret. USS forutsetter derfor at alle kommuner med arealer innenfor verneområdet er representert i verneområdestyret.

- 9. USS' syn er at intensjonen om i større grad å samordne utmarksforvaltningen i store verneområder er god, men at de foreslåtte tiltakene ikke i tilstrekkelig grad tar innover seg kritikken av verneområdeforvaltningen som fremgår av Riksrevisjonens rapport og at forslaget heller ikke er godt nok utredet og forklart i rapporten.*
- 10. USS mener for øvrig at fjellstyrene bør løse oppsynsbehov i statsallmenningene uavhengig av hvordan staten organiserer seg.*
- 11. USS sitt utgangspunkt er at hovedtrekkene i fjellova og fjellstyrenes oppgaver og myndighet i statsallmenningene må ligge fast. Det er videre USS' syn at fjellstyrene bør få overført mer myndighet fra statlig nivå - og at «tida og tilhøva»-vurderingen i fjellova § 2 første ledd bør tolkes slik at den også omfatter mer moderne drifts- og bruksformer i statsallmenningene.*
- 12. USS' syn er at finansieringen av de foreslåtte tiltakene er for dårlig utredet og beskrevet for kommunenes del.*

Den offentlige forvaltninga i eit samanhengande utmarksområde kan bestå av fleire kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn i tillegg til villreinnemnd, verneområdestyre og rovviltneemnd. Faggruppa sitt arbeid byggjer på prinsipp som er fastsett for den planlagde kommunereforma.

Sentrale delar frå fagrapporten vert teke inn her:

Følgjande oppgåver låg ikkje til faggruppa sitt mandat:

- *Strandsonen definert som 100-metersbeltet langs kysten.*
- *Oslomarka.*
- *Rovviltforvaltningen.*
- *Motorferdsel i utmark.*

Faggruppen har konsentrert seg om følgende områder:

- *Forvaltning av verneområder*
- *Arealforvaltning utenfor verneområdene*
- *Naturoppsyn*
- *Samisk reindrift*
- *Fiske- og viltforvaltning (utenom rovdyrforvaltning)*
- *Villrein*
- *Friluftsliv*
- *Næringsutvikling*
- *Statsallmenninger*

Faggruppen foreslår en del prinsipper som bør legges til grunn for tiltakene:

- Kommunene bør tillegges flest mulige oppgaver. De må ha tilstrekkelig kapasitet, relevant kompetanse og distanse i forvaltningen. Kommunene må ha arealmessig størrelse tilpasset naturressursen, spesielt der det er nasjonale og internasjonale forpliktelser.

- Kommunene må ha tilstrekkelig politisk og økonomisk handlingsrom der også roller og ansvar i utmarksforvaltningen er avklart.

- Relaterte oppgaver bør i størst mulig grad samles i ett forvaltningsorgan.

- Fylkesmannen bør ha ansvaret for statlig samordning, spisskompetanse og legalitetskontroll.

Faggruppen mener at en varig forenkling av utmarksforvaltningen krever grunnleggende tiltak. Det foreslås følgende:

- Kommunene bør overta forvaltning av verneområder som i sin helhet ligger i kommunene, samt flere fiske- og viltoppgaver. Det gis mulighet for delegasjon i verneområder.

Rapporteringssystemer integreres i etablerte systemer.

- Det bør etableres strategiske utmarksstyrer med ansvar for store verneområder og villreinforvaltning i områder der det er villrein.

- Kommunene bør ha førstelinjeansvar for alle saker i utmarksforvaltningen, og det bør utarbeides en samlet IKT-løsning for brukerhenvendelser.

- Det bør utvikles en tydeligere rolle- og arbeidsdeling mellom Statens naturoppsyn og forvaltningsmyndighetene. Fjelltjenesten bør overføres til Statens naturoppsyn.

Oppsummering av forslag til tiltak:

Tiltak	Uten lovendring	Med lovendring	Ansvarlig
6.1 Flere oppgaver til kommunene Ansvar for verneområder i kommunene.	X		KMD/KLD
a) Delegasjonsreglement/revisjon forskrift		X	KLD
b) Mer hensyn til naturbasert næringsutvikling	X		KMD/LMD
c) Fiske- og viltoppgaver til kommunen	X		KLD
d) Avklare randsoner	X		KMD/KLD
6.2 Førstelinjeansvar for kommunene Mottak, videreformidling tilbakemelding på søknader	X		KMD
a) Mottak, videreformidling tilbakemelding på klager	X		KMD
b) Veiledning til brukerne	X		KMD
6.3 Kapasitet og kompetanse i kommunene Systematisk opplæringstilbud	X		KMD/KLD
a) Veileder utmarksforvaltning	X		KMD
6.4 Utmarksstyrer Etablere utmarksstyrer	X		KLD
a) Styrene bør ha en strategisk rolle/delegasjon		X	KLD
b) Utarbeide ny forvaltningsplan	X		KLD
c) Fokus på alle forvaltningsoppgaver	X		KLD
d) Styrets og sekretariatets oppgaver	X		KLD
6.5 IKT-løsninger for utmarksforvaltning Etablere et elektronisk søknadssystem	X		KMD
a) Etablere en nasjonal portal	X		KMD
6.6 Rapportering og dokumentasjon Utvikle utmarksforvaltning i KOSTRA	X		KMD
6.7 Naturoppsyn Forvaltningsmyndighetene tydeligere rolle	X		KLD
a) Fylkesmannen samordner og bestiller oppsyn	X		KLD
b) SNO regionale enheter til fylkesmannen	X		KLD
c) Fjelltjenesten til SNO	X		KLD/LMD
d) Utrede Fjellopsynet til SNO	X	X	KLD/LMD
6.8 Statsallmenninger Løvarbeid forvaltning statsallmenning		X	LMD
6.9 Kunnskap om naturressurser Samordne databaser og fullføre kartlegging	X		KLD
6.10 Uskiftet bo og fragmenterte eierforhold Tiltak for å definere rettmessige eiere		X	JD

6.11 Nasjonal utmarkspolitik Samordnet nasjonal politikk	X		KMD
a) Veileder	X		KMD
6.12 Lovutvalg utmarksforvaltning	X		KMD

Økonomiske konsekvensar:

Rapporten har forslag om å overføra ein rekkje oppgåver til kommunale og interkommunale organ, men det er i rapporten via lite konkret vurdering av økonomiske følgjer av forslag. Dette har og USS kommentert, ref. pkt. 4, 5 og 12. Det ligg forslag til eit generelt prinsipp; - *Kommunene må ha tilstrekkelig politisk og økonomisk handlingsrom der også roller og ansvar i utmarksforvaltningen er avklart.*

Å overføra forvaltningsoppgåver til kommunane utan at det følgjer tilstrekkelege økonomiske ressursar er ikkje akseptabelt. Resultatet kan resultera i dårlegare kvalitet, mangel på ressursar til å utføra pålagte oppgåver og dårlegare fungerande lokaldemokrati.

Juridiske konsekvensar:

Utgreiing av fjelloppsynet overført til SNO inneber å flytta eit lokalt fungerande oppsynsordning til regionalt nivå. Dette synest å vera i strid med intensjonen med kommunereforma, der robuste fungerande kommunar skal delegerast meir makt. SNO bør ikkje etablerast i område der lokalt fungerande oppsynsordningar med demokratisk valde styre eksisterer. USS og fjellstyra på Hardangervidda (FH) har og eit samanfallande syn i dette. FH uttaler; Fjellstyra på Hardangervidda meiner dagens organisering med eit lokalt, politisk oppnemnd Fjellstyre, fungerer godt og er eit svært godt døme på lokalt sjølvstyre som fungerer. USS har vore inne på det same i pkt. 11.

Miljømessige konsekvensar:

Oppretting av regionale utmarksstyrer med ansvar for verneføremål og villreinforvaltning synest å vera naturleg for verneområde der villrein er eit viktig grunnlag for verneføremålet. Det er viktig å sjå heilskap i arealforvaltninga. Samstundes vil konsekvensen vera at mandatet til eit utmarksstyre for villreinområde utanfor verneområda vil vera ulikt det innanfor. For store område som Hardangervidda med verne- og villreinområde vil geografiske avstandar medføre utstrakt delegasjon til eit sekretariat for at naudsynt effektivitet skal kunna oppretthaldast. Dette kan medføra ein svekking av lokaldemokratiet. USS har peikt på desse momenta i pkt. 8 og 9.

Personalmessige konsekvensar:

Førstelinjeansvar for kommunane krev god opplæring og kontinuerleg oppfølging med informasjon til kommunane. Det må forventast at publikum skal ha tilgang til same informasjon til same kvalitet uansett kva kommune som vert kontakta.

IKT-løysing må og fungera saman med sakshandsamingsprogram kommunane har.